



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Hedmark

fmhepost@fylkesmannen.no

19. mars 2015

KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE VRIFURU

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Hedmark 27.02.2015, sak 2014/1590.

Vi klager på vedtaket, og ber om at det blir gjort om til avslag. Vidare ber vi om at klaga får oppsettjande verknad.

Hovudpunkt i denne klagen er:

- Det blir mindre igjen av arealtypen som blir tilplanta. Kva verknad har det på økosystemet?
- Snøskytte
- Verneområde og andre viktige naturområde som kan få frøspreiing frå omsøkt areal.

Vurdering av plantearealet

Søklar skriv slik om arealet som er søkt planta til:

9. Skildre naturtypen (evt. naturtype) i området som skal tilplantast, om dette er kjent informasjon for søklar*:

Ulager skogsmark (FII) Arealet er dokumentert av Reinart + dårlig gjenvvekst av norske furu og bjørk

Arealet ligg i øvre del av skogbeltet, der ein frå før av har glissen skog på næringsfattig grunn. Denne arealtypen er ein del av det naturlege økosystemet i området. Viss ein planter til arealet med ein skogtype som avvikar ein del frå det skogbiletet ein har frå før, må ein rekne med at økosystemet blir påverka. Både søklar og Fylkesmannen i Hedmark seier noko om at vrifurua mellom anna har større volumvekst enn noverande skog. I sakshandsaminga finn vi ikkje vurderingar av dette spørsmålet. Fylkesmannen viser berre til DN-rapport 8-2012: «*Fra samme rapport framgår at det ikke er dokumentert at flora og fauna i områder der det har blitt plantet vrifuru i vesentlig grad avviker fra*

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no


WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

Fylkesmannen skriv elles i vurderinga si at høgareliggande område ikkje er så godt kartlagd som nærare busetnaden. Det er vidare vist til ein del MiS-lokalitetar i områda rundt plantefeltet.

Dette svekker grunnlaget for vurderingar ytterlegare. Det er sannsynleg at kunnskapsgrunnlaget er svalt eller utilstrekkeleg.

Snøskytte

Søkjar skriv i søknaden:



Fylkesmannen skriv i si vurdering av vrifuru: «Det er heller ikke dokumentert problemer med den aktuelle arten som bærer av sykdommer eller skadedyr som kan innvirke på vegetasjonen omkring.»

I samband med vurdering av svartelisteartar er det eit tema at desse kan vere vert for organismar og sjukdomar som følgjer med på lasset. Dette er eit viktig prinsipp. Men ein må også ta høgde for det omvendte prinsippet. Der det i norsk natur finst ein sjukdom, snøskytte, som har som verknad at furuskogen blir glissen opp mot fjellet, kan ein ved å bruke ein furuart (vrifuru) som er mindre utsett for snøskytte, oppnå at noverande glisne område gror igjen med tett vrifuruskog i staden. Altså er det eit problem at den framande arten i dette høvet moglegvis har andre eigenskapar.

Furu i kombinasjon med snøskytte er i dette området økosystemet sin måte å få til ein variasjon i skogbiletet som ein del artar truleg har vendt seg på og er avhengige av.

I følgje avgjerda i ei tidlegare klagesak (Surnadal)³ blir det i Sverige ikkje tilrådd å plante framande treslag i fjellnær skog, eller innan 1000 meter frå verneområde.


Det blir søkt om bruk av vrifuru i ein del saker fordi denne skal ha andre eigenskapar enn furu på ein del område. Dokumentasjonen av desse skilnadene er mangelfull, og økologiske og økonomiske verknader har ikkje tilfredsstillande presentasjon slik at ein kan bruke det i kunnskapsgrunnlaget. T.d. er vrifuru utsett for snøskytte på line med furu, men andre tilhøve kan spele inn som ein faktor. Vidare er det gjort beiteforsøk som seier at vrifuru har omlag same problem som furu. Andre sjukdomar finst også, slik ein såg for noko over 10 år sidan på delar av Austlandet. Karlman seier også noko om dette.⁴

³<http://www.miljovedtak.no/VedtakSøk/VisSak?SakId=1090>

⁴ 1986 <http://pub.epsilon.slu.se/4636/1/SFS176.pdf>

2001 <http://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S037811270004928>

Verneområde og naturtypelokalitetar



Figur 2. Søkjar sin eigedom med fiolett, gul ring markerar utplantingsområdet. Sør for planteområdet kan vi sjå gamalskogslokaliteten ved Svestadtjønnet. Mot nordaust ser vi naturreservatet i Rangkløvhammeren.

Det er i vedtaket diskutert litt om lokaliteten Svestadtjøn N med gamal furuskog framleis er der. Det ser ut til at området er flyfotografert i 2013, og då er det i alle fall ikkje noko som tyder på at området er hogd i vesentleg grad.



Figur 3. Lokaliteten Svestadtjøn N, med gamal furuskog. Flyfoto frå 2013. Frå Gislink.

Ca, 4 km nordaust for utplantingsområdet ligg naturreservatet Rangkløvhammeren, som består av gamalskog med ein spesielt rik flora. Ved vindretning frå sørvest, vil plantefeltet ligge i lo for Storåsen og naturreservatet ligg i le. Dette er terrenntilhøve som er maksimalt uheldig med omsyn til langdistansespreiing, jf. DN-rapport 8-2012. Lia på austsida av Storåsen er nok heller ikkje nokon enkel stad å drive rømlingkontroll. Dette er ikkje nemnt i vedtaket.

I tillegg er det i 2008 gjort ei undersøking av Tørråsen, 4 km sør for det omsøkte området, der ein påviste ei rekke raudlista artar. Her blei det og spesifisert at området sett under eitt kan, som følgje av landskapet sin struktur, ha fleire raudlisteartar, og at ein mellom anna burde undersøke området nord for Tørråsen, mot Smalhovdtjønna. Dette kan tyde på at det kunne vere føremålstenleg med meir undersøkingar rundt det omsøkte området.

Heimelen til å gi løyve

Vi meiner det er fleire tema som gir utslag i kolonne «Vesentlig uheldige følger for biologisk mangfold» i denne saka. Då er det ikkje heimel for å gi løyve.

| | Uheldige følger for naturmangfold (inkl. landskapsmessig og geologisk mangfold) | Vesentlige uheldige følger for biologisk mangfold | Forvaltningsverktøy (lowverk, kartleggingsmetoder og kunnskapsgrunnlag) |
|-----------------------------|---|---|---|
| Naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av nær truede naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av truede naturtyper | Norsk rødliste for naturtyper 2011, Artsdatabanken |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av viktige naturtyper | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av viktige naturtyper | DN-håndbok 13-2007 (Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold) |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en MiS-figur eller nøkkelbiotop | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en MiS-figur eller nøkkelbiotop | MiS-figur eller nøkkelbiotop, Kilden/Gårdskart, Skog og landskap |
| | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en utvalgt naturtype | Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av en utvalgt naturtype | Utvalgte naturtyper, naturmangfoldloven § 52 |
| Arter | Reduksjon i bestandsstørrelse eller forekomstareal til nær truede arter | Reduksjon i bestandsstørrelse eller forekomstareal til truede arter | Norsk rødliste for arter 2010, Artsdatabanken |
| | Reduksjon i bestandsstørrelse eller antall lokaliteter og/eller reduksjon i | Reduksjon i bestandsstørrelse eller antall lokaliteter og/eller reduksjon i | Forskrifter om prioriterte arter, |
| | areal eller tilstand i funksjonsområdet til prioriterte arter | areal eller tilstand i funksjonsområdet til prioriterte arter | naturmangfoldloven § 23 |
| Verneområder | Tiltak som har eller kan ha negative konsekvenser for verneformålet | Tiltak som har eller kan ha negative konsekvenser for verneformålet | Naturmangfoldloven §§ 35-38 (nasjonalparker, landskapsverneområder, naturreservater og biotopverneområder), samt § 49 (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde). Naturminner vernet etter naturvernloven. |
| | Tiltak nær et verneområde som kan medføre skade inn i et verneområde | Tiltak nær et verneområde som kan medføre skade inn i et verneområde | |
| Kulturlandskap | Reduksjon i areal eller tilstand av verdifulle/regionalt viktige kulturlandskap | Reduksjon i areal eller tilstand av verdifulle/nasjonalt viktige kulturlandskap | Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap |
| Arealformål og hensynssoner | Negativ påvirkning på friluftsliv, landskap eller naturmiljø i hensynssoner | | Arealformål som viser viktige friluftslivsområder, landskap, naturmiljø i kommunale plankart, jf. hensynssoner i plan- og bygningsloven § 11-8 c) |

Figur 4. Matriza frå rettleiaren til forskrifta. Vi har markert med gul markering dei tilhøva vi meiner er aktuelle i denne saka.

Oppsetjande verknad

Vi ber om at klaga får oppsetjande verknad. På denne typen mark ser vi for oss at ein ikkje kan plante og etterpå rive opp plantene utan at dette påverkar skogbotnen som er der i dag. Elles viser vi til at Miljødirektoratet nyleg har bedt om tilbod på kartlegging av spreiding frå vrifuru.

Kunnskapsgrunnlaget vil truleg bli vesentleg betre i løpet av eitt år. Den manglande kartlegginga som søkjar/Fylkesmannen skulle ha lagt på plass før avgjerd i saka ville uansett ha tatt noko tid og ført til at eit eventuelt løyve ikkje ville ha vore klart til plantesesongen 2015 i noko fall.

Oppsummering

Det er ikkje heimeleg for å gi løyve i saka. Kartlegginga er mangelfull og tar ikkje omsyn til at det er funne krevjande artar i nærleiken dei seinare åra. Bruk av vrifuru i dette området kan på sikt gi eit heilt anna skogbilette enn i dag, noko som kan vere svært uheldig for ei rad artar.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge